



Arkivnr: 2014/558-43
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		

Oversikt kurs og konferansar

Samandrag

Administrasjonen har byrja ein oversikt over dei konferansane rådet har verte invitert til. AU ønskjer å sjå ein oversikt over kva konferansar ein har delteke på, kva ein planlegg å delta på og økonomi i samband med dette.

Vedlagt er ein oversikt over økonomien under «Kurs og konferansar» og ein oversikt over konferansar ein har fått invitasjon til i år.

Som ein kan sjå frå økonomioversikten har ein så langt registrert kr 3 000 i kostnader, men det talet er nok ein del høgare. Av konferansar som ein vel å delta på framover er særskilt Landskonferansen som vil kome på omtrent kr 40 000, dersom alle ønskjer å delta.

Ein må anta at 55 00 kr er knytt opp til konferansar vi har delteke på eller har bestemt at vi skal delteke på. Da står ein igjen med kr 39 000 å bruke på Kurs og konferansar. Når temadagen er over og betalt for er det mogleg at ein vil ha midlar til overs som kan verte flytta til Kurs og Konferansar, om ein ønskjer det.

Når det gjeld typar konferansar ein får invitasjon til og som rådet deltek på er det i hovudsak konferansar som går på tvers av funksjonsnedsettingar, med eit mindretal som gjeld spesifikke funksjonsnedsettingar. Det kan, som ein har påpeke tidlegare, vere fordi ein lett får invitasjonar frå konferansar ein har delteke på før. Om rådet har trong for fagleg påfyll som går på meir spesifikke funksjonsnedsettingar betyr det at medlemmane må finne informasjon om dei og spele dei inn til arbeidsutvalet.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråing.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.